

VEDLEGG 2: KRITERIUM FOR UTVELJING¹

Dette dokumentet gjev nærare informasjon om korleis utveljinga skal skje dersom det er fleire enn tre søkarar som oppfyller minimumskrava i § 6 i forskrifta.

Informasjonen nedanfor dannar utgangspunktet for kommunen si vurdering når tre utleigarar skal veljast på grunnlag av kriterium for utveljing slik dei er oppstilte i § 7 i forskrifta.

1. Generell informasjon

Søknaden blir vurdert og rangert etter kriteria A, B og C. Kriteria byggjer på formåla i forskrifta og skal legga til rette for framkomelege og trygge offentlege rom, klimavennlege løysingar og eit godt miljø og lokalmiljø i Bjørnafjorden kommune.

Søkaren må skildra rutinar og tiltak, og leggja fram eventuell dokumentasjon på effekt. Skildringa skal ikkje overstiga 2 000 ord.

2. Kriterium A – Framkommelege offentlege rom (40 %)

Dette kriteriet byggjer på forskrifta § 7 bokstav a, som handlar om utleigar sine rutinar og verkemiddel for å oppnå god parkeringspraksis, samt plan for korleis utleigar skal organisera fjerning, flytting og rydding av køyretøy etter § 11.

A.1 God parkeringspraksis

Søkaren bør skildra:

- rutinar for å sikra god plassering av køyretøy
- køyretøya sin posisjonsnøyaktigheit (t.d. «< 2 meter i 90 % av tilfella»)
- andre eigenskapar ved køyretøya som gir stabil og trygg parkering
- bruk av teknologi
- tiltak for god brukaråtferd (t.d. vidarefakturering av gebyr, prikk- eller sanksjonssystem)
- rutinar og tiltak for å unngå opphoping av køyretøy

A.2 Fjerning og rydding

Søkaren bør skildra korleis arbeidet blir organisert, til dømes:

- rutinar for å finna og følgja opp feilparkering, samt responstid
- handtering av opphoping av køyretøy
- korleis søkar informerer innbygarane om kvar og korleis dei kan ta kontakt med søkar
- rutinar for å unngå støy og forstyrringar om natta, t.d. frå driftsarbeid eller frå lys og lyd på køyretøya

¹ Dokumentet byggjer på tilsvarande dokument utarbeidd av Bergen kommune.

3. Kriterium B – Trygge offentlege rom (30 %)

Dette kriteriet bygger på forskrifta § 7 bokstav b som handlar om kvalitet på utleigar sine rutinar og verkemiddel for å sikra trygge offentlege rom.

B.1 Lovleg og omsynsfull ferdsel

Kommunen legg vekt på korleis søkaren påverkar brukarane til lovleg og omsynsfull ferdsle.

Døme på tiltak:

- opplæring og oppfølging av brukarar
- tiltak mot ruspåverka køyring
- tiltak mot fleire på same køyretøy
- alderskontroll av brukarar
- andre tiltak etter vegtrafikklova § 3 og forskrift om køyrande og gåande trafikk § 20

B.2 Tryggleik for førarar og andre

Kommunen legg vekt på korleis tryggleiken blir ivareteken når køyretøyet er i bruk, til dømes:

- bruk av geosoner og fartssperrer
- trygg forbikøyring
- tekniske eigenskapar ved køyretøya (t.d. bremsar, hjul, lys, blinklys osv.)
- rutinar for sjekk, reparasjon og vedlikehald av køyretøy
- design og tiltak mot sabotasje på køyretøyet
- handtering av vêrforhold som is og snø

4. Kriterium C – Klima- og miljøvennleg drift (30 %)

Dette kriteriet bygger på forskrifta § 7 bokstav c som handlar om klima- og miljøvennlege løysingar.

C.1 Miljøstyring

Søkaren skal dokumentera:

- miljøstyringssystem og eventuelle miljøsertifiseringar

C.2 Haldbart utstyr, reparasjonsmoglegheiter, rutinar for gjenbruk og reparasjon

Søkaren bør skildra:

- køyretøya si utforming og konstruksjon for lang levetid
- kva som kan reparerast og kva for vedlikehaldsrutinar søkaren har
- batteri og levetid
- rutinar for gjenbruk og reparasjon av køyretøy og komponentar
- handtering av defekte batteri og elektronikk
- tiltak for resirkulering ved slutten av levetida til køyretøya
- rutinar for å oppdaga og fjerna køyretøy som forureinar, t.d. køyretøy som hamnar i sjø, elvar eller i terreng